

Årsmelding 2015

Norsk Sahel Sjølvhjelp Organisasjon (NorSahel)

Styrets samansetning

Leiar: Øyvind Hope

Styremedlemmer: Anne Torhild Omland, Øyvind Tveit, Kristin Parkinson Vågen, Anita Haugstad Haugsjå

Styremøte

Det er avhalde 3 styremøte i 2015.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit, uavhengig organisasjon som er registrert i Norge. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og berekraftig bistand til Mali i Vest Afrika. NorSahel arbeider i Mali og har eit kontor med ein stadleg representant i landet.

Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for varig fred og berekraftig utvikling i Mali.

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levkåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. NorSahel vil spesielt fremje helse og utdanning av afrikanske kvinner. Vi ynskjer å gje dei verktøy til å utvikle seg, då kvinnene representerer eit stort utviklingspotensiale.

Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.

Aktivitet

Generelt

Av spesielle hendingar:

I april 2015 blei det arrangert ein vellukka Mali-kveld i Treungen. Ca. 80 personar møtte på kvelden.

Prosjekta til NorSahel blei presenterte, og det vart halden utlodding til inntekt for prosjekta i Mali. Det kom inn i overkant av 18 000 til prosjekt i Mali.

I oktober 2015 samla Nissedal ungdomskule for andre året på rad inn pengar til syklar for ungdomskulejenter i Tambaga. Øyvind Tveit frå NorSahel hadde kontakt med skulen og Hølje Haugsjå presenterte prosjektet på skulen saman med Øyvind.

NorSahel har i 2015 oppretta Facebook-side. Den ansvarlege for denne sida er Anne Thorild Omland.

NorSahel har i løpet av 2015 gitt ut nyheitsbrev ved to høve, sommaren 2015 og jul 2015. Desse er sendt via mail og nokre via post.

Visjon 2030 Trondheim

NorSahel var representert under konferansen Visjon 2030 i Trondheim, 2-3 mars 2015, ved Hølje Haugsjå og Øyvind Hope og Ola Didrik Saugstad på vegne av nyfødd prosjektet. Artikkelen til NorSahel hadde blitt plukka ut som bidrag til konferansen, og i tillegg fekk NorSahel høve til å presentere seg på ein stand ved eit såkalla Showroom.

FAFO seminar i oktober

NorSahel deltok som aktør i Mali på eit seminar ved FAFO i Oslo 30 oktober 2015 med tema **Religiøs vekkelse i Mali – ikke bare ekstremisme**. Hølje Haugsjå og Øyvind Tveit representerte NorSahel ved dette seminaret. Ved seminaret presenterte FAFO ein større rapport om den religiøse situasjonen i Mali. NorSahel var invitert til å kommentere denne ved seminaret, saman med Strømmestiftelsen, Kirkens Nødhjelp og Utanriksdepartementet. Rapporten gav mange interessante opplysningar som er viktige for oss, som aktør i Mali, å kjenne til.

NorSahel offisielt registrert i Mali

I mai 2015 mottok vi den offisielle stadfestinga på at NorSahel er registrert i Mali som ein frivillig organisasjon med full rett til å operere i landet.

Dette er ei stor tillitserklæring frå den maliske staten! Grunna fleire forhold, har Mali i seinare tid skjerpa kriteria for utanlandske organisasjonar for å bli registrert. Men NorSahel vil dei ha på malisk jord!

Prosjekt

Innleiing:

NorSahel har i året som har gått, langt stor vekt på dei prosjekta som vi har i Mali og forsøkt å etablere oss skikkeleg i landet.

Prosjektet Skulesykkel:

I alt var 50 syklar kjøpt inn til ungdomskulane i Tambaga før skulestart i 2015. Det gjer at prosjektet til no har bidratt med 120 skulesyklar til Tambaga. Prosjektet skulesykkel er eit samarbeid med kommune- og skuleleiinga i Tambaga, og eit eige regelverk vart utarbeidd for syklane. Hovudformålet med prosjektet er å hjelpe fleire jenter til å gå på ungdomsskolen og fullføre denne. I oktober 2015 mottok vi ein skriftleg rapport frå rektor på skulen i Tambaga der han la fram tal som viste at talet på elevar som fullfører ungdomsskolen, er aukande, særleg gjeld dette jenter. Andelen jenter på ungdomsskolen har auka frå 20 til 33 % i sidan 2013. I 7. klasse, som får syklar først, var andelen jenter på auka frå 26% til 41% i perioden. Det er også ein auke i andel elevar og jenter som fullfører skulen i perioden. Rapporten understrekar også behovet for sykkelprosjekt i andre nabokommunar.

Prosjektet Nyfødd:

NorSahel har sidan stiftinga i 2013 hatt ein visjon om å gjere tiltak som kunne redusere dødelegheita blant nyfødde i Mali, og har gjort fleire tiltak for å forberede dette. Ved inngangen til 2015 fekk vi ein artikkel med i Visjon2030 i Trondheim òg høve til å presentere prosjektet under konferansen. I byrjinga av 2015 vart det også oppretta ei eiga ekspertgruppe for prosjektet. Denne ekspertgruppa består av internasjonalt anerkjente legar, folk med lang Mali-erfaring og unge legar som alle ynskjer å involvere seg i mor/barn helse i Mali. Ekspertgruppa har hatt mange møtepunkter og hatt fleire dagsmøter i 2015.

I juni 2015 mottok NorSahel tilslaget på eit prosjekt frå Kavlifondet for HBB (Helping Babies Breathe) Mali til å starte pilot-prosjekt for nyfødde og HBB i Mali. Prosjektet strekte seg over eitt år, frå juni 2015 til mai 2016. Kavlifondet (www.kavlifondet.no) set fokus på sårbare grupper i land det er store helsemessige behov. Kavlifondet er det einaste næringsmiddelkonsern i Noreg som gir store delar av overskotet sitt til humanitært arbeid. Dei har opparbeidd brei kompetanse gjennom mange år i bransjen.

Takka vera støtta frå Kavlifondet kunne NorSahel i 2015 starte eit større nyfødt/ HBB- prosjekt i Mali, i Kati helsedistrikt, som omfattar ca. 600 000 innbyggjarar. NorSahel vitja alle delar av dette helsedistriktet i 2015. I tillegg er ein helsefagskule i Kati med 260 elevar ein del av prosjektet.

Til trass for tryggleiksmessige utfordringar og avlysing av reiser, har prosjektet fått sett seg i Mali. NorSahel har klart å etablere eit heilskapleg program innan nyfødt helse og bygd opp eit nettverk og rammeverk i landet. Ikkje minst har vi utvikla eit godt samarbeidstilhøve med hovudaktøren i prosjektet, maliske helsestyresmakter.

I tillegg har støtta gjort oss i stand til å innleie ein effektiv partnerskap med Pediatrisk Institutt, Universitet i Oslo. Dette er formalisera via eit forskingsprosjekt som blei satt i gang i Mali i august 2015, i direkte tilknytning til nyfødt-prosjektet til NorSahel. Forskinga blei støtta av Laerdal Foundation. Sjølv om Kavli ikkje direkte støtta dette forskingsprosjektet, var støtta frå Kavli indirekte avgjerande for at dette òg kom i gang.

Den grunnleggjande strategien legg stor vekt på helsestyresmaktene sitt eigartilhøve til aktivitetane og denne strategien har blitt styrka og vidareutvikla gjennom det tette samarbeidet NorSahel har med styresmaktene i landet.

NorSahel har ein dugande stadleg representant som har leia arbeidet i Mali. Han vitja Noreg i september for å arbeide med NorSahel og ekspertgruppa. Ein eigen årsrapport, på fransk, er utarbeidd for NorSahel i Mali.

NorSahel har gjennom dette tilsett ei jordmor i heil stilling som prosjektleiar i Mali. Her i Noreg har dagleg leiar i NorSahel arbeidd på dette prosjektet på timebasis som programansvarleg. NorSahel sitt styre ved styreleiar har inngått ei kontrakt med dagleg leiar for dette prosjektet spesifikt. Det er utarbeida ein eigen detaljert halvårsrapport for dette prosjektet.

Fortsatt drift

Føresetnad om fortsatt drift er til stades, og årsregnskapet for 2015 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2015

Organisasjonen blir i stor grad driven av frivillige i Norge. NorSahel har i 2015 auka inntektene sine betydeleg. NorSahel har meir enn dobla andel innsamla midlar. Vidare fekk NorSahel prosjektstøtte frå Kavlifondet og noko frå Pediatrisk Institutt, Universitet i Oslo. NorSahel har ei avdeling i Mali med 2 tilsette, stadleg representant og prosjektleiar for nyfødt. I Noreg har NorSahel ved styret engasjert dagleg leiar for å arbeide på timebasis og i deltid for å arbeide spesifikt med nyfødt prosjekt. Andelen som er blitt brukt til administrasjon i 2015, vart ca. 9 %. Dette er er i nærleiken av der NorSahel bør og skal vere med tanke på administrative utgifter. For å styrke organisasjonens føremål, ynskjer NorSahel å auke inntektene for 2016, både innsamla midlar og prosjektstøtte.

Arbeidsmiljø

Leiinga vurderer arbeidsmiljøet i organisasjonen som tilfredsstillande og har ikkje satt i verk spesielle tiltak i 2015.

Likestilling

Tre av dei faste medlemmene av styret er kvinner. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali, både via sykkelprosjektet som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødt-prosjektet arbeider på en sjukepleiarfagskule, der 80 % av elevane er kvinner. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering


NorSahel sitt resultat for 2015 blir overført til neste år og vil utan avvik bli brukt til å fremje organisasjonen sine mål.

Treungen 25.04.2016,




Øyvind Hope

Styreleder



Kristin Parkinson Vaagen



Anita Haugstad Haugsjå



Anne Torhild Omland



Øyvind Tveit